



SKJEMAVELDE: Strenge vakter syter for at det skal vera alt anna enn lett å vera på flukt frå Somalia.

Kald natt På Flukt

■ ■ Strenge vakter ■ ■ Lange vandringar ■ ■ Små matrasjonar

HAFSLO: Utgatte pass, strenge damer og ei lang natt på vandring i kulda.

– Me har gått langt, oppe i byggefeltet her, fortel Bob Fransen.

Audmjuka

Klokka er halv fem på ettermiddagen. Men ungdommane på emigrasjonskontoret i Mogadishu, Somalia har ikkje tidsomgrep.

For dei har vore ute på lang vandring, stått i kø, blitt trassert, utspurt og er i ferd med å bli oppgitte.

Enno har dei natta i vente, kva den vil bringa med seg, veit dei ikkje, reint utanom at dei treng varme klede og sovepose.

Streng vakt

– Det er tøff sikkerheit og me prøver koma oss ut av Somalia.

– Vil de klara det?

– Eg veit ikkje. Det er ei dame som passar på oss, ho er temmeleg frekk, fortel Bob vidare.

Han meiner han er rimeleg godt kledd for det meste natta kan føra med seg. Verre er det for Åsne Kvaale Aanestad.

– Eg la regnbuksa mi nedst i sekken, innrømmer ho. Han meiner han er rimeleg godt kledd for det meste natta kan føra med seg. Verre er det for Åsne Kvaale Aanestad.

I spelet er Åsne mor i familien, medan Bob er son hennar. Saman skal dei prøva å koma seg ut av landet-forhåpentlegvis til ein tryggare del av verda-Noreg.

Ut av Somalia

Luster vidaregåande skule er innhylla i sperringar, bryske vakter i militæruniformar som berre snakkar engelsk. På dørskilta står det center for emigration Mogadishu, Somalia.

Vel 100 ungdommar får

heile fylket prøvde i helga å vera flyktning i 24 timar. Staden var Hafslo og ungdommane, flesteparten humanistiske konfirmantar, gjekk gjennom tøffe utfordringar med nærkontakt av flyktningelagnaden.

Rollespel

Inne i kjellaren på skulen sit Erna Hamrum i Human-Etisk Forbund. Ho kan fortelja at nokon av ungdommane vanlegvis må gje opp og blir tekne hand om av vaksne dersom spelet blir for tøft.

Det er Røde Kors som eig spelerettane til På Flukt. I Noreg har spelet vore i bruk i 10 år, men ideen kom opprinneleg frå den danske pedagogen Steen Cnops Rasmussen. Røde Kors reknar med at rundt 20.000 ungdommar, mange konfirmantar, har fått testa seg i spelet så langt.

– Det skal vera ganske strengt, jentene får til dømes



SPERRINGAR: Streng disiplin og vakhald var gjennomgangstonen.

ikke lov å snakka, fortel Hamrum.

Ho meiner spelet gir ungdommane ei lita oppleving av korleis det er å vera flyktning, sjølv om dei berre spelar i 24 timar. Mellom anna får ungdommane oppleva korleis det

er å få lite mat og søvn før dei evaluerer opplevingane søndag.

– Dette er noko dei føler på kropp og sjel, meiner ho.

Renate Sæle
renate@sognavis.no



NAUDVERGJE: Norges Jeger- og Fiskeforbund krev naudvergerett for hund i område med ulv. (Illustrasjonsfoto)

Krev naudrett for jakthundar

LEIKANGER: Norges Jeger- og Fiskeforbund vil ha innført naudvergerett for hund ved direkte angrep frå rovdyr.

Norges Jeger- og Fiskeforbund (NJFF) er uroa for den konfliktsituasjonen som ulveforvaltninga medfører.

Viktig element

– Den utryggheta som er knytt til bruk av jakthundar i distrikt med ulv er heilt uakseptabel, skriv forbundet i ein resolusjon frå landsmøtet.


Jeger og fiskerforbundet trekkjer fram at bruk av hund er, og har alltid vore, eit viktig og sentralt element i norsk jaktutøving.

Krav

«I hundehaldet i dag er ofte hunden som eit familiemedlem å rekna. Det blir opplevd ekstra sterkt når jakthundar blir rive i hjel av ulv. Mange vel derfor heilt å avstå frå å driva jakt i område med ulv, med det tap av rekreasjon, fritidsopplevingar og livskvalitet det medfører», skriv Norge Jeger- og fiskerforbund i resolusjonen.

Då det vart varsla i Soria Moria I erklæringa at Regjeringa skulle ta ein gjennomgang av naudvergebestemmelane, forventa NJFF at Regjeringa skulle innføra naudvergerett også for hund.

«Dette ble aldri gjort. NJFF viser til Sverige som har innført en slik bestemmelse på permanent basis etter at de har hatt ordningen i en prøveperiode. På bakgrunn av formuleringene i Soria Moria II krev NJFF at det snarast vert innført ein naudvergebestemmelse for hundar i Norge».



SPRINGMASJ: Ungdommane opplevde lang ventetid, før dei så vart pusha ut av bygget.



FLYKTNING I EIT DØGER: Åsne Kvaale Aanestad frå Sogndal og Bob Fransen frå Hafslo fekk prøvd seg På Flukt

Uroa for villaksen

LEIKANGER: Norges Jeger og Fiskeforbund (NJFF) vil ha innført miljøavgift for oppdrettsnæringa.

NJFF er sterkt uroa for situasjonen til villaksen. Dagens oppdrettsverksemd har ein uakseptabel miljømessig negativ påverknad på villaksen. Difor krev organisasjonen at det vert innført ei miljøavgift for oppdrettsnæringa slik at næringa sjølv kan bidra i ei nasjonal satsing for å sikra villaksen og ei miljømessig bærekraftig næring. Det går fram av ein resolusjon frå landsmøtet i Bodø.

Ute av kontroll

«Villaksbestandane våre er i dag meir truga enn nokon sinne. Trusselbiletet er samansett og NJFF har teke tak i alle dei sentrale trusselfaktorane. Slik situasjonen har utvikla seg, er det spesiell grunn til å setja fokus på lakselus og



rømd oppdrettslaks.

Lakselussituasjonen har forverra seg dramatisk og er ute av kontroll», skriv NJFF. Dei trekkjer vidare fram at det dessutan er registrert auka motstandsdyktighet mot lakselusmidla som anlegga brukar for å bekjempe lakselus.

«Resistent lakselus har potensial til å utrydda alle lakse- og sjøauretbestandar i landet», meiner NJFF.

Avgift

No krev landsmøtet ei nasjonal satsing for å takla miljøutfordringane for villaksen.

«Her har både regjeringa og næringa eit ansvar. Den vedtekte veksten i oppdrettsnæringa som regjeringa tillet er heilt uakseptabel så lenge næringa ikkje vert driven drives på ein miljømessig bærekraftig måte. NJFF krev at det vert innført ei miljøavgift for opne, sjøbaserte oppdrettsanlegg for å utbetra dei skader som næringa påfører miljøet, og dermed bidra til å sikra framtida til villaksen».